



ÅRMELDING HØYDALSMO IDROTTSKLAG 2025

Styret i Høydalsmo Idrottslag 2025

Leiar	Torgrim Otterholt
Nestleiar	Anders Krog
Kasserar	Arne Moen Lid
Skrivar	Håvard Jakobsen Ofte
Leiar fotballgruppe	Ann Marie Lund
Leiar skigruppe	Bjørn Inge Selstø
Leiar trimgruppe	Laila Veslestaul
Leiar kjøkkengruppe	Margareth Grønlid
Leiar driftsgruppe	Sveinung Moen
Leiar Telemark hoppanl.	Einar Heggveit
Vara til styret:	Anette Hagen og Astrid Kvaale

Medlemstal og kontingent

HIL har pr. 31.12.2025 237 betalande medlemar, som er 25 færre enn i 2024.

Kontingenten var i 2025 slik:

Grunnpris familie	kr. 400,- + kr. 50,- pr. person
Vaksen	kr. 400,-
Born	kr. 300,- (for born/heimebuande ungdom opp til og med 24 år)
Støttemedlemskap	kr. 1 200,-

Økonomi

Årsresultatet for 2025 er på kr. 340 276,-

2025 har vore eit bra økonomisk år for Høydalsmo IL med eit overskot på om lag 328 000 kr, monaleg opp frå 2024 (kr. 105 223,-).

Inntekter og sponsorarbeid

Sponsorane til HIL i 2025 var Statkraft AS, Sparebanken DIN, Vest-Telemark Kraftlag AS, Høydalsmo Servicestasjon AS (Circle K), Strømstad Elektro AS, Tokke kommune, Toyota Bilia, Brunvoll Mar-Ei, NC-Spectrum, Dyrud Elektro og Tokke kommune. HIL vil rette ein stor takk for deira bidrag. Totalt har desse bidratt med 140 000 kr der Sponsorane stør oss gjennom ein fast sum i året og/eller enkeltarrangement-/høve.

Tokke kommune har òg bidrege med 165 000 kr gjennom driftstilskot og kulturmidlar.

HIL har hatt stålínnsamling i år også gjennom eit samarbeid med Hellig Teigen AS og Karel Krog. Dette førte til ein inntekt på 62 000 kr.

HIL har også hatt avtale med kommunen om badevakt i Høydalsmo symjehall. Symjehallen har vore open ein dag kvar veke frå januar til påske. Dette har gjeve 30 000 kr i inntekt til HIL.

HIL hadde to arrangement som generera inntekter gjennom startkontingentar; NM skiorientering og Sparebanken DIN fotballcup. Totalt gav dette oss inntekter på ca. 174 000 kr.

NM i skiorientering enda med eit overskot på 154 000 kr. Dette var eit særers velluka og inntektsbringande arrangement for HIL.

Utøvarstønad

HIL har i år som tidlegare år dela ut utøvarstipend. I 2025 var det 2 søkarar til stønaden, og det vart gjeve ut stønad for til saman kr.20 000,- fordela slik:

Inger Vadder Sandland	kr. 15 000,-	Fotballspelar
Ingrid Stigen Byggland	kr. 5 000,-	Friidrettsutøvar

Prosjekt

Skifting til LED-ljos i ljosløypa

Høydalsmo IL har søkt Tokke kommune, Telemarks fylkeskommune og «Grønt lys for idretten» gjennom Noregs idrettssamband om tilskot til skifting til LED-ljos i ljosløypa. Vi har søkt om tilskot til å byte ut 150 armaturar til LED. Grunnen til at vi gjere dette nå er fordi vi fortsatt har fleire armaturar som ikkje er LED og som samtidig er defekte. Sidan det også er ein eigen tilskotsordning gjennom NIF i samarbeid med Sparebankstiftelsen DNB, og kommunen og fylkeskommunen har gode tilskotsordningar er det gode initiativ til å gjere dette. Straumforbruket reduserast monaleg. Berekna kostnad til dette er rundt 580 000 kr. Søknaden til fylkeskommunen var ferdig handsama i juni 2025 med positivt svar. LED-ljos er bestilt.

Driftsgruppa saman med medlemar i HIL vil skifte ut armaturar på dugnad.

Tokke idrettsråd

Ketil Kvaale representerer fortsatt HIL i Tokke idrettsråd og han rapporterer til leiar og styret. Han sit som leiar av rådet og gjer ein særst god jobb på vegne av laget.

Arrangement og aktivitet

Me har gjennomført arrangement og hatt tilbod om aktivitet som før. Under fyljer ei oppsummering av gruppenes aktivitetar.

Ski

Høydalsmo IL arrangerte NM skiorientering mellom og sprint + Hovudløp for yngre i februar 2025. Takk til Asbjørn Byggland, Ketil Kvaale m.fl.

Skikarusell vart gjennomført frå 4/2 - 18/3, med for det meste yngre deltakarar.

Vest-Telemark skikarusell i Høydalsmo vart avlyst grunna lite sno.

Høydalsmolåmi vart ikkje gjennomført grunna lite sno.

Gubberenn vart arrangera i Oftebakken 22. mars.

Trim

Trimgruppa har hatt desse aktivitetane i 2025:

Idrettsmerke, trimbøkar, herretrim, dametrim, springing intervall, volleyball, Stolpejakten og Holmenkollstafetten. I tillegg har me medlemmar som har delteke på ulike idrettsarrangement, både innanlans og utanlands.

Fotball

Sesongen 2025 var det 4 lag i serien på våren. Jenter 15, mix 8, mix 10 og mix 12.

Hausten 25 var det kun mix laga som var med i serien. Fleire born frå alle mix lag med på fotballskulen i Vrådal. På Vinjecup stilte mix 8 og mix 10. HIL ved fotballgruppa arrangerte Sparebanken Din cup i august. Fotballavslutning på banen i Høydalsmo 2. oktober.

Drift

Maskiner og bygningane til HIL fungerer bra og legg godt til rette for å drifte skiløyper og Oftejordet her i Høydalsmo. Det har og blitt rusta opp langs turvegen til Oftefjell som er eit fint turmål for mange.

Prosjektet med utskifting av ljøsarmaturar i skiløypa vil bli utført no i 2026, 150 nye lamper er bestilt.

Kjøkken

Kjøkkengruppa har stått for servering ved 3 anledningar i året som gjekk. Frå fjorårets årsmøte til NM i skiorientering og skiavslutning, har dei stått på og laga tilstellingar med smil om munnen til svoltne ungar og vaksne. Fotballgruppa stod sjølv for matsalet under cupen.

Bading

Bassenget har vore ope måndagar frå 26.januar og fram til påskeferien. Litt kortare

sesong enn normalt pga. teknisk feil ved bassenget i starten av sesongen. Det er som oftast ca. 10 stk. som nyttar bassenget. To badevakter har godkjend kurs, og 7 andre føresette har bistått. Alle vaktene er føresette som deltek på dugnad.

Aktive utøvarar

Inger Vadder Sandland har også denne sesongen spela for Hønefoss BK. På det øvste nivået i norsk fotball (Toppserien) spela ho i år 26 kampar, skåra 2 mål og hadde 3 målgjevande pasningar. Det er meldt overgang for Inger til IFK Norrköping på øvste nivå i svensk fotball i 2026.

Ståle Moen Lid har smurd ski for landslaget i kombinert mellom anna VM i Trondheim. Han var og smørar i vinter-OL 2026 der landslaget tok 3 av 3 moglege gull.

Torgeir Lid Byggland og Ånund Lid Byggland kvalifiserte til finale, og endte opp på 14. plass i teamsprint NM del 2 på Hovden 27/3.

Jarle Solbu har vore aktiv internasjonal hoppdommar også i år, blant anna i den tysk-austerriske hoppveka.

Samarbeid

Samarbeidet mellom HIL og Telemark Hoppanlegg har ligge brakk i 2025. Vi saknar aktivitet i Huka hoppanlegg.

Oppsummering

HIL er eit særst aktivt lag med mange ulike aktivitetstilbod. Det er stor aktivitet i alle gruppene, som heile tida jobbar saman med hovudstyret for utvikling og forbetring. Alle gruppene skal ha stor takk for alle tiltak dei har gjennomført rundt aktivitetane, for nye aktivitetar og løysingar.

Til slutt ynskjer styret i HIL å takke alle medlemmar, aktive, sponsorar, frivillige, grunneigarar osv. som alle bidreg på ulikt vis. Utan dykk er ikkje drifta mogleg, noko alle som nyter godt av tilboda burde minnst om og tenkje på av og til.

Torgrim Otterholt
Leiar

Anders Krog
Nestleiar

Arne Moen Lid
Kasserar

Håvard Jakobsen Ofte
Skrivar

Margareth Grønlid
Leiar kjøkegruppe

Sveinung Moen
Leiar driftsgruppe

Ann Marie Lund
Leiar fotballgruppe

Bjørn Inge Selstø
Leiar skigruppe

Laila Veslestaal
Leiar Trimgruppe

Einar Heggteit
Leiar Telemark Hoppanlegg